



Etiske retningslinjer for Vestnes kommune

Vedteke av kommunestyret 29.03.12 – sak 31/12.

Definisjon

Ordet etikk er gresk og betyr morallære. Dette handlar m.a. om vår innebygde evne til:

- å kunne skilje mellom rett og gale
- å ta ansvar for oss sjølve og våre haldningar
- å erkjenne at kvar enkelt må yte ein innsats for å skape ei positiv atmosfære av trivsel og tryggleik menneske imellom.

Målsetting

Vestnes kommune skal framstå som redeleg og ærleg i all si verksemrd. Tilsette og folkevalde må lojalt følgje dei lover, forskifter og reglement som gjeld for kommunen. Det vert stilt høge forventningar til våre etiske haldningar fordi vi forvaltar samfunnet sine fellesmidlar.

Som tilsette og folkevalde er vi ein svært viktig ressurs. Vi må vise engasjement og aktiv deltaking i kommunen si verksemrd til det beste for innbyggjarane.

Lojal og engasjert oppfølgjing av vedtekne mål, rammer og prioriteringar er ein sjølvfølgje og ein føresetnad for eit godt forhold mellom folkevalde, tilsette og innbyggjarane.

Tillit og haldningar

Tilsette og folkevalde må vere seg bevisste at vi er med på å skape grunnlaget for innbyggjarane sin tillit og haldning til kommunen. Vi må difor arbeide for å fremje positiv omtale av kommunen og kvarandre. Det er viktig med open og tillitsfull to-vegs kommunikasjon for å motivere og engasjere, og appellere til kvar enkelt sin ansvarsfølelse.

Kommunale bygningar, køyrety, maskinar m.v.

Bruk av kommunen sine kjøretøy, maskiner og datautstyr skal normalt berre skje i tenestesamanhang. Administrasjonssjefen kan godkjenne utleige av kommunale maskiner m.v. dersom kommunen gjennom vedtak har fastsett utleigesatser og retningslinjer for bruk av maskinene/bilane. Utleige av kommunale lokale skjer etter fastsette utleigesatsar og brukaravtalar.

Bruk av informasjon/opplysningar/media

Vestnes kommune skal legge til rette for at innbyggjarane får god og utfyllande informasjon om kommunen si verksemrd. Alle tilsette kan gi faktaopplysningar om eige arbeidsområde så lenge desse ikkje er undergitt lovbestemt tieplikt. Grunnlovsfesta ytringsfridom gjeld sjølvsagt også kommunalt tilsette.

Kommunalsjefar og driftsleiarar kan gi opplysningar og uttalar på vegne av sin sektor eller eining. Ordførar, varaordførar og administrasjonssjef har generell fullmakt til å gi informasjon og uttalar om heile den kommunale verksemda.

Sosiale media

Dei etiske retningslinjene gjeld også ved bruk av sosiale media. Tilsette må syne varsemd ved omtale av arbeidsgjavar, arbeidsoppgåver/prosjekt, kollegar og andre ein samarbeider med.

Gåver og andre fordelar

Tilsette skal ikkje motta gåver, reiser, hotellopphald, rabattar, lån eller andre ytingar/fordelar som er eigna til å påverke avgjelder/handlingar eller som på annan måte kan så tvil om integritet.

For kommunale gåver til eigne tilsette gjeld eige reglement, "Gåver til tilsette".

Kommunen sine folkevalde og tilsette må unngå å kome i situasjonar som kan medføre konflikt mellom kommunen si interesse og personlege interesser. (Ein viser til forvaltningslova § 6). Dersom personlege interesser kan påverke avgjerd i ei sak der ein har eit fagleg ansvar eller på annan måte tek del i behandlinga av saka, skal dette takast opp med nærmeste overordna/ordføraren.

Representasjon og reiser

Vanleg gjestfridom og representasjon høyrer naturleg med i samarbeid og informasjonsutveksling. Folkevalde og tilsette si positive framferd i slike høve er ein trivselsfaktor og vil vere med på å styrke kommunen sitt omdømme.

Alle reiseutgifter i fagleg samanheng blir til vanleg dekte av kommunen. Den som reiser for kommunen skal nytte den reisemåten og evt. kursstad som fell rimelegast for kommunen.
Utanlandsreiser skal godkjennast av administrasjonssjefen.

Registrering av verv

For å styrke openheit og tillit tilrår Vestnes kommune at medlemmar i kommunestyre, formannskap og faste utval registerer sine interesser og styreverv i databasen www.styrevervregisteret.no